

Grunnskolar
Vidaregåande opplæring
Lærarutdanninginstitusjonar
Kommunar
Fylkekommunar
Fylkesmannen

Kampanjar i skulen om ver og klima i veke 39

Planen om utdanning for berekraftig utvikling vart send til skolane som vedlegg til brev datert 20. desember 2006, underteikna av statsrådene Øystein Djupedal og Helen Bjørnøy. Dette brevet beskriv tre tiltak for å følgje opp planen: Forskingskampanjen 2007 "CO₂ på skolevegen", Regnsjekken og Ekstremverveke PÅ NRK.

Forskingskampanjen 2007- CO₂ på skolevegen

Utdanningsdirektoratet inviterer skolar til å delta på forskingskampanjen 2007. Forskingskampanjen er eit samarbeid mellom Noregs forskingsråd, Miljøverndepartementet, Norsk institutt for luftforskning og Utdanningsdirektoratet. Kampanjen i år vil fokusere på klima og uslepp av CO₂.

Internasjonal forskning viser at utslepp av CO₂ og andre klimagassar fører til temperaturouke globalt. Stormane er blitt kraftigare og kjem oftare. Fleire og fleire land opplever unormalt sterke flommar eller unormalt tørre år. Dette går særleg ut over fattige land. Det bidrar til tap av biologisk mangfald, redusert økonomisk utbytte og redusert samfunnsmessig stabilitet verda over. Det er derfor viktig at alle moglege tiltak blir sett i verk slik at utslepp av klimagassar blir redusert.

Forskingskampanjen i 2007 har fokus både på kva enkeltpersonar kan gjere, og på kva lokale vedtaksorgan planlegg å gjere for å leggje forholda til rette for å minske CO₂-utslepp i sin kommune. Eit mål med dette er at skolelevar skal bli kjende med lokale avgjerdsprossar og lære korleis dei kan påverkast. Elevane lærer kva enkeltpersonar kan bidra med. Dersom mange deltek i denne kampanjen og legg inn rapportar på nettet, kan vi få eit bilete av korleis utsleppet av CO₂ kan reduserast når mange går inn for det. Vi vil i tillegg få innsikt i planar lokale vedtaksorgan har for å leggje til rette for miljøvennleg trafikk.

Ved at mange legg inn rapportar på www.miljolare.no, vil ein få eit grunnlag til å setje saman resultat og gi skolene tilbakemeldingar på dei samla resultatata. Nærmare omtale av forskingskampanjen 2007 finst på nettet www.miljolare.no/.

Kampanjen i fjor

Forskingskampanjen i 2006 var knytt til nedbørsmåling og vart kalla "Regnsjekken". 1996 deltakarar utførte til saman 13509 nedbørsmålingar i løpet av kampanjeveka. Skolar fekk tilsendt enkle nedbørsmålarar, og det var rettleiing om korleis oppgåvene skulle gjennomførast på nettet. 817 skolar og 1169 privatpersonar deltok. Fleire har halde fram med nedbørsmålingane, og i alt har 2126 sendt inn registreringar til databasen.

I veke 39 2006 var det "Ekstremverveke" i NRK. Ekstremverveka gjekk parallelt med forskingskampanjen i 2006 og var eit viktig bidrag til det utbytte skolane fekk av forskingskampanjen. Resultatet frå 2006-aksjonen kan ein sjå på www.miljolare.no

Evaluering av Regnsjekken

Det utbytte skolane fekk av å delta i Regnsjekken, er evaluert. Deltakarane seier blant anna: *Stor medieoppmerksomhet og en ekte og "ordentlig" forskningsoppgave skapte engasjement hos lærere, elever og foreldre. Det at aksjonen var organisert som en nasjonal fellesinnsats, ga deltakerne en følelse av å bidra til noe viktig, å være til nytte, å være en del av noe større enn skolens vanlige læringsarbeid.* Heile evalueringsrapporten er publisert på www.miljolare.no.

Utdanningsdirektoratet blir tilrådd å følgje opp denne typen kampanjar. Ein konklusjon frå evalueringa er: *Regnsjekkmodellen for utdanning for bærekraftig utvikling, som er basert på tett samarbeid mellom forskning, medier og skolen og nettbaserte nasjonale aksjoner, bør gjentas og videreutvikles i kommende aksjoner.* Evalueringa av samarbeidet mellom NRK, Miljøverndepartementet, ulike forskingsmiljø, Meteorologisk institutt og Utdanningsdirektoratet dokumenterer at denne typen samarbeid har potensial til å fremje læringsarbeidet i skolen.

Ekstremverveke 2007

NRK vil gjennomføre ei ny Ekstremverveke i veke 39 (24.09 til 30.09) 2007. I år vil fokuset vere på klimaendringar. NRK-program som Newton, Schrødingers katt, Naturens verden mfl. vil denne veka vise program som har relevans til ver- og klimaspørsmål. Også på radio og nett www.nrk.no/ekstremver blir det fokus på ver og klima heile veka. Gjennom å følgje med på TV og i radio denne veka vil skolane få fagleg informasjon og stoff til diskusjon og debatt i elevgruppene.

Regnsjekken 2007

Utdanningsdirektoratet følgjer opp Regnsjekken frå 2006. I 2007 utvider vi Regnsjekken til å ta med temperatur. Utdanningsdirektoratet inviterer alle nivå i utdanningssystemet til å delta.

Rettleiing om framgangsmåtar finst på <http://www.miljolare.no/aktiviteter/land/natur/ln16/>. Skolar får tilsendt nedbørsmålarar gratis via Utdanningsdirektoratets bestillingstorg <http://bestilling.utdanningsdirektoratet.no>. Lenkjer til svært mange nettstader og til artiklar om klimaendringar finst på www.miljolare.no. På denne nettstaden finst også ei rad rettleiingar til korleis ein kan leggje opp undervisning knytt til klimarelevante tema som, mangfald i naturen, energi og avfall. Nettstaden gir høve til å stille spørsmål til ein meteorolog om ver og vind.

Ved å gjennomføre nedbørs- og temperaturmålingar på same tidspunkt same stad fleire år på rad, kan ein sjå om det er endringar. Slike målingar kan gi ein meir detaljert informasjon enn dei faste målestasjonane som vervarslinga bruker.

Forskningsdagane og det internasjonale polaråret

Fokus på forskningsdagane i 2007 er det internasjonale polaråret. Polaråret er ein internasjonal forskningsinnsats for å få innsikt i korleis klimaet blir endra i arktiske strøk. Her skjer endringane fortare enn andre stader og arktiske strøk kan fungere som ei varselslampe for resten av verda. I polaråret kan skolar delta i mange aktivitetar, sjå <http://www.polararet.no/>

Vi vil spesielt invitere skolane til å delta i eit globalt prosjekt der ein ser på korleis miljøgifter produsert i sentrale område av verda utgjer ein trussel for miljøet i arktiske strøk. Ein kan melde seg på prosjektet: <http://sustain.no/projects/globalpop/>

Med vennleg helsing

Dag Johnsen
områdedirektør

Marit Hognestad
underdirektør